

Melding frå Kongen til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i tida etter siste melding.

Vi HAAKON, Noregs Konge,
gjer kunnig:

I samsvar med grunnlova gjev Kongen denne meldinga til Stortinget om Noregs rikes tilstand og styring i 1956.

I samsvar med grunnlova § 41 har Kronprinsen vori regent i 1956 medan Kongen har vori sjuk.

Noreg har vori med i generalforsamlinga i Dei sameinte nasjonane og i andre konferansar under denne organisasjonen. Dessutan har Noreg vori representert i ei rekkje mellomfolkelege møte på ulike område.

Det er gjort mange internasjonale avtalar på det økonomiske området, m.a. ei rekkje handelsavtalar.

Noreg har vori med på konferansen om å skipa Det internasjonale atombyrået og har skrivi under statuttane for byrået.

Det mellomfolkelege samarbeidet om kulturelle og sosiale spørsmål har haldi fram.

Forsvaret har vorti vidare utbyggd i samsvar med dei planane Stortinget har godkjent. Vernebuinga er stort sétt komen så langt som planlagt. Takk vere omfattande materiellleveransar under Våpenhjelp-programmet er avdelingane våre i dag etter måten velbudde med materiell. Dei faste befals-kadrane er vidare utbygde, og kvaliteten åt styrkane våre har med det vorti enda betre.

Noreg har sett inn to kompani, på i alt ca. 460 mann, i dei vaktstyrkane Dei sameinte nasjonane har i Egypt.

Politiet og Sivilforsvaret har auka si vernebuing. Planane er omlagde for å kunna møte bruken av nye våpen. Den utskrivne politireserven har fått fyrstegongsopplæring og er fordelt på politikamra.

Folkemengda var pr. 1. januar 1957 3 478 000 eller om lag 1 prosent høgre enn året før.

Talet på sysselsette lønsmottakarar var i november 1956 om lag like stort som i same månad året før. Det var ikkje fullt så knapt om arbeidskraft i 1956 som i dei siste åra. Sysselsetjinga auka mest i varehandel og i offentleg og privat tenesteyting, medan det var ikkje så liten nedgang i talet på sysselsette i bygge- og anleggsverksemd.

Den samla produksjonen av varer og tenester har vori om lag 4 prosent større enn i 1955. Det meste av oppgangen skreiv seg frå produksjonsauken i industri, skipsfart og jordbruk. Lagleg vår gjorde mykje til gode produksjonsresultat i jordbruk og fiske.

Sperringa av Suez-kanalen har frå november gjort det naudsynt å avgrense forbruket av bensin, petroleum og brenselolje.

Førebels oppgaver over varebyttet med utlandet viser at innførsla utanom skip var om lag 700 mill. kroner større enn året før. Innførsleverdet kom dermed opp i vel 7,1 milliardar kroner. Stinginga i vareutførsla utanom skip er førebels rekna til om lag 700 mill. kroner, og verdet av vareutførsla var i alt 5,2 milliardar kroner.

Både for innførsla og utførsla kjem verdi-auken noko av større varemengder og noko av høgre prisar. Bytetilhøvet har utvikla seg til bate for Noreg.

Nettoinnførsla av skip gjekk ned med om lag 70 mill. kroner frå 1955. Nettofraktinntektene for norske skip i utanriksfart steig med nærmare 800 mill. kroner. Underskottet på driftstbalansen var om lag 150 mill. kroner, eller om lag 820 mill. kroner mindre enn året før.

Jordbruket hadde gode driftsvilkår, og avlinga vart den største vi nokon gong har hatt. Frukthaugsten var om lag like stor som i rekordåret 1954. Husdyrproduksjonen var om lag like stor som året før.

I skogbruket var driftstilhøva stort sétt gode. Etter førebels oppgaver vart det i hogstperioden 1955—56 avverka om lag 8,4 mill. kubikkmeter bartretømmer til sal. Dette var noko meir enn i perioden før.

Årsfangsta i fisket er førebels rekna til vel 1,9 mill. tonn, noko meir enn i det førre rekordåret 1954. Vintersildfisket gav godt resultat, og vinninga av torskefiska vart langt betre enn i dei siste åra. Men brislingfisket slo feil, og småsildfisket gav mindre fangstmengd enn året før.

Vinninga av kvalfangsta i sesongen 1955—56 vart noko mindre enn i fangstbolken før.

Produksjonen i bergverk, industri og kraftverk auka med ikring 6 prosent. Oppgangen var om lag like stor i utførsleindustrien og i heimeindustrien.

I utførsleindustrien auka produksjonen serleg sterkt ved sildoljefabrikkane og ved aluminiums- og ferrolegeringsverka. Det var nedgang i produksjonen i hermetikkindustrien.

I heimeindustrien var det nedgang i produksjonen av ymse bygningsartiklar. Elles auka tilverknaden i dei fleste bransjane.

Elektrisitetsproduksjonen var noko over 5 prosent større enn året før. Uheldige vass-tilhøve gjennom ein stor del av året hindra ein sterkare produksjonsauke.

Byggje- og anleggsverksemda låg på eit lågare nivå enn året før. Ein reknar med at det vart bygd ferdig vel 28 000 husvære. Det vart sett i gang færre nye bygg og gjevi færre byggjeløyve enn i 1955.

Den offentlege anleggsverksemda var mindre enn året før.

Handelsflåten auka i dei tre fyrste kvartala med nære på ein halv mill. tonn og var pr. 1. oktober 1956 på vel 8,2 mill. bruttonn. Av denne auken var om lag 40 prosent tanktonnasje.

I dei tre fyrste kvartala vart det kontrahert om lag 2 mill. bruttonn ved norske og utanlandske verkstader.

Den innanlandske samferdsla har haldi fram med å stige. Serleg sterkt auka flytrafikken, men også rutebilferdsla auka mykje. Trafikken med jarnbanene var om lag som året før.

Talet på innreiste utlendingar auka med om lag 11 prosent og er det høgste som til no er registrert.

Prisnivået steig noko. Ved utgangen av året låg både levekostnadsindeksen og engrosprisindeksen om lag 4 prosent over året før.

Lønsvutviklinga var merkt av tariffoppgjera. Tek ein levekostnadene som uttrykk for prisoppgangen, var reallønssstiginga pr. lønsmottakar jamt over om lag 2,5 prosent. Realinntekta for bønder, skogeigarar og fiskarar auka med nærmare 12 prosent. I utførslenæringane, serleg i skipsfarten, steig eigarinntektene monaleg.

Det private forbruket auka med om lag 3,5 prosent frå 1955. Dette var noko meir enn gjennomsnittsauken den siste femårsbolken.

Det offentlege forbruket var i mengd om lag det same som året før, sidan ein auke i det sivile forbruket vart utjamna av ein nedgang i forsvarsutgiftene.

Bruttoinvesteringa i fast kapital steig med knapt 1 prosent frå året før. Dette er den minste oppgangen i noko år sidan 1951. Varelagra synte ein sterk auke.

Penge- og kredittpolitikken tok liksom året før serleg sikte på å stramma

til kredittmarknaden for å bremse på investeringsaktiviteten.

Likviditeten åt bankane var om lag som året før. Dei likvide midlane til publikum auka noko, men auken var mindre enn oppgangen i nasjonalproduktet.

På statens innanlandske lån kom det inn 450 mill. kroner. Utanlands vart det ordna med lån for om lag 180 mill. kroner til Tokke.

Statens budsjettrekneskap for 1955—56 er oppgjord med eit overskott på 55 mill. kroner. Både utgifter og inntekter syner stiging frå terminen før.

Den finansielle stoda til kommunane er framleis stort sett god. Dei kommunale skatteinntektene steig med om lag 11 prosent frå 1954—55 til 1955—56.

Barnevernet er vidare utbygd. Det er vedteki nye lover om barn i og utanfor ekte-skap, og gjort viktige endringar i adopsjonslova.

Edruskapstilhøva er om lag som før. Talet på plassar ved kurstader og tilsynsheimar for alkoholskadde er no komne opp i over 400.

Den nye lova om sjuketrygd, som omfattar heile folket, tok til å gjelde den 2. juli 1956.

Pensjonsytingane er forbetra i alders-trygda, krigspensjoneringane, ulykkes-trygdene og blinde- og vanførehjelpa.

Helsetilstanden i riket har vori bra. Det har ikkje vori større epidemiar av noko slag. Av poliomyelitt har det vori spreidde tilfelle. 90 prosent av skuleborna er utover hausten 1956 vaksinerte mot denne sjukdomen. Talet på nye tilfelle av tuberkulose har gått enda meir ned, serleg i dei aldersklassene der det er gjennomført vaksinasjon, men tuberkulosen er framleis den alvorlegaste og mest utbreidde av dei smittsame sjukdomane. Talet på dødsfall i spebarnsalderen sig no snøgt også i dei nørdeste fylka, og er i heile landet svært lågt jamført med dei fleste andre land.

Den aukande bruken av radioaktive stoff har skapt større strålehygieniske problem.

I samråd med norske humanitære organisasjonar er det sett i verk serskilde hjelpe-tiltak for ungarske flyktningar.

I Nord-Hålogaland bispedøme vart det under krigen øydelagt 21 kyrkjer og kapell. Av desse er 6 oppattbygde og 6 i arbeid.

Atterreisinga av domkyrkja i Bodø og Nykirken i Bergen er no fullført.

Den nye lova om prestebustader og preste-gardar er sett i verk frå 1. juli 1956.

Stortinget har gjort vedtak om å skipa Den norske kirkes landsfond.

I folkeskolen har elevtalet stigi noko. Det er framleis skort på lærarar og klasserom. I Finnmark er det teki i bruk 2 nye statsinternat og eitt er under bygging. Framhaldsskulen har hatt eit godt arbeidsår. Her òg er det skort på kvalifiserte lærarar og undervisningsrom.

Utbygginga av yrkesskulane er i jamn vokster, og ved mange skular har ein gått til utviding.

Lærlinglova vart sett i kraft for 10 nye fag, slik at lova no gjeld for 36 handverksfag og 10 faggrupper i jarn- og metallindustrien.

Reisinga av undervisningsbygg for Statens heimeyrkeskule for samar er påbyrja.

Ved Oslo Universitet er instituttbygget for zoofysiologi, ernæringsforskning og biokjemi fullført og teki i bruk, og nybygget for dei geologiske institutta er under innreiing. Ved

Universitetet i Bergen går utbygginga av biologisk stasjon etter planane.

Arbeidet med å utvide Kjemiavdelinga ved Norges tekniske høgskole held fram. Eit materialinstitutt blir no bygd.

Arbeidet med å byggje den nye lærarhøgskulen held fram.

Statens lånekasse for studerande ungdom har pr. 10. desember 1956 om lag 18 300 låntakarar med ein samla lånesum på ca. 89 mill. kroner.

Ny stipendskipnad er sett i verk for elevar ved gymnas og folkehøgskular og for studentar ved universitet og høgskular.

Utbygginga av det frie kulturarbeidet held fram med tiltak til å føre kulturverde til alle stork i landet.

Utbygginga av det frie studiearbeidet og kveldsskulane held fram.

Av overskottet i Norsk Tipping A/S vart det til vitskaplege formål delt ut 22 mill. kroner og til idrettsformål 8 mill. kroner.

Gjevi på Oslo slott 11. januar 1957.

Under riksseglet

Medan Hans Majestet Kongen er fråverande

OLAV
(L. S.)

Einar Gerhardsen

Leif Østern